



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	05.06.2024
Møtetid:	09:00 - -14:45
Møtestad:	Sanitetshuset, Litlås, Sanitetshuset, Litlås

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Morten Sognnes	ordfører	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Hege Ramsland	medlem	H	
Bjørn Inge Håland	medlem	SP	
Dyrkolbotn			
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Terje Håland		AP	Vara for Morten Sognnes (H) i sak 42/2024, der Sognnes var ugild.

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Bjørnar Fjellhaug	kommunedirektør
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR sjef
Trine Merete Jansen	kommunalsjef
Asbjørn Nagell Toft	fagleiar
Christopher Marius Straumøy	jurist og sakshandsamar
Anne Hildegunn Færøy	kommunalsjef

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 36/2024	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 37/2024	Godkjenning av møteprotokoll	
PS 38/2024	Referatsaker	
RS 14/2024	Høyringsvar - tilbudsstruktur for vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune	
RS 15/2024	Protokoll 3-2024 Regionrådet Nordhordland torsdag 18. og fredag 19. april 2024	
RS 16/2024	Møteprotokoll Austrheim kontrollutval 17.04.24	
RS 17/2024	Oversending frå kontrollutvalet - sak 18/24 Austrheim kontrollutval årsmelding 2023.	
RS 18/2024	Austrheim kontrollutval - Protokoll Austrheim kontrollutval 24.05.24	
RS 19/2024	Revidert nasjonalbudsjett 2024 og kommuneopplegget for 2025	
RS 20/2024	Svar frå skyss - bussar til Austrheim	
OS 9/2024	Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 5.6.2024	
PS 39/2024	Delegerte vedtak 18.04.24 - 30.05.24	
PS 40/2024	Detaljreguleringsplan for Keilevegen næringsområde, planid. 2015005 - Offentleg ettersyn	
PS 41/2024	Dispensasjon og rammeløyve - Riving av eksisterande bygningar og oppføring av fritidsbustad og garasje - gbnr 158/10 - Lerøy	
PS 42/2024	Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fonnes og friområde ved Ikornsåta, planid. 2021002 - Austrheim kommune- Tredje gongs offentleg ettersyn	
PS 43/2024	Bemanningsbehov ved Krisesenter for Bergen og omegn	

PS 44/2024	Utviding av IKTNH med Sveio kommune - tilslutning frå Austrheim kommune
PS 45/2024	Bustader med livsløpsstandard - svar på spørsmål frå levekårsutvalet
PS 46/2024	Fornya søknad - Vinmonopol i Austrheim
PS 47/2024	Ny utbyggingsavtale med Kystlandsbyen AS
PS 48/2024	Nytt helse og omsorgstun - vidare utgreiing og forprosjektfase
PS 49/2024	Revidert selskapsavtale for Vestlandsrevisjon IKS
PS 50/2024	Tertialrapportering med budsjettjustering juni 2024
PS 51/2024	Årsmelding 2023 - Austrheim kommune
PS 52/2024	Årsrekneskap 2023
PS 53/2024	Marknadsføring av Austrheim Kommune
PS 54/2024	Klage på vedtak - vass og avløpsgebyr - gbnr 132/21
PS 55/2024	Klagehandsaming på vedtak om påkoplingsavgift - gbnr 132/61

PS 36/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 36/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Fleire av representantane kommenterte at innkallinga denne gongen var ute seinare enn fristen på ei veke. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug svara at det blir notert for retting ved neste høve.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med merknad om at innkallinga var noko sein.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 36/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent, med merknad om at innkallinga var noko sein.

PS 37/2024 Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen frå 25. april vert godkjent

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 37/2024 Godkjenning av møteprotokoll:

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 37/2024 Godkjenning av møteprotokoll:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen frå 25. april vert godkjent

PS 38/2024 Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tek referatsakene til vitande.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 38/2024 Referatsaker:

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 38/2024 Referatsaker:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tek referatsakene til vitande.

RS 14/2024 Høyringsvar - tilbudsstruktur for vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune

RS 15/2024 Protokoll 3-2024 Regionrådet Nordhordland torsdag 18. og fredag 19. april 2024

RS 16/2024 Møteprotokoll Austrheim kontrollutval 17.04.24

RS 17/2024 Oversending frå kontrollutvalet - sak 18/24 Austrheim kontrollutval årsmelding 2023.

RS 18/2024 Austrheim kontrollutval - Protokoll Austrheim kontrollutval 24.05.24

RS 19/2024 Revidert nasjonalbudsjett 2024 og kommuneopplegget for 2025

RS 20/2024 Svar frå skyss - bussar til Austrheim

OS 9/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 5.6.2024

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 9/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 5.6.2024:

Orienteringssaker:

- Avtale Mastrevikane

Christopher Marius Straumøy orienterte om avtale Mastrevikane (unnateke offentlegheit).

- Prosjekt / investering framdrift

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om framdrift av ulike prosjekt.

- For ROP-bustadene er det ei utfordring no med å få BKK til å levera straum til bygget, og varslar ei avklaring først i september.
- I samband med prosjektet vatn til Førland oppmoda Per Lerøy (Ap) til at ein legg ut anbod der prosjektering er inkludert.
- Når det gjeld bassenget på Kaland så sa Per Lerøy (Ap) at han vil stilla krav om at det skal vera klart til 1. september, for symjeklubben og elevar. Bjarte Rosenlund sa at dersom kommunen startar arbeidet før det er avklart med leverandør og forsikringsselskap kva som skjer med skaden på bygget, så øydelegg kommunen sjansane for erstatning der. Rosenlund sa at det er gammal stand på mykje av

anlegget, og frå eit reint teknisk synspunkt må ein sjå på om det er betre å venta med å fylla vatn igjen, eller heller venta på eit nytt basseng.

- Morten Sognnes (H) sa at ein må gjera ei vurdering av om det er betre å venta med å ordna bassenget, og heller setta desse midlane inn på eit nytt basseng.
- Per Lerøy (Ap) sa at det har vore for mange rundar med dette bassenget, må opnast til hausten igjen.
- Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det er rett at det må komma i orden no, men skal ein få det skikkeleg til kan det ikkje gjerast halvvegs. Vil komma med eit mandat til kommunestyret i juni for å sjå på bassengsituasjonen.
- Kommunalsjef Rosenlund sa at administrasjonen har dialog med svømmeklubben og med dei to rektorane, for å sikra både svømmeklubben eit tilbod og svømmeopplæringa for elevane. Rosenlund sa at det er veldig uheldig med desse sakene, men må gjera noko no som sikrar at ikkje dette dukkar opp igjen om nokre få år.
- Ann-Kristin Leirvåg (Ap) spurte om eit basseng skal ligga i Austrheim, fekk svar om at det er slik det er tenkt.
- Hege Ramsland (H) oppmoda til at eit nytt basseng må innehalda terapibasseng.
- Morten Sognnes (H) sa at det er ei sak på gang om basseng, og håpa å ha meir klart over sommaren.

- Årsmelding og årsrekneskap

- Blir tatt under eigne saker

- Avtale og parkering Baløy (oppfølging FS 25.april)

- Christopher Marius Straumøy orienterte om at det er dialog med båtlaget i Baløy om å henta inn takstar for å fastslå verdi på eit areal båtlaget ønskjer å kjøpa. Vidare dialog om avtale for flytebrygga, som er forankra på kommunal grunn.
- Formannskapet gav uttrykk for at kommunen bør ha eit medlem i styret for båtforeininga, for å sikra ålmenta sine interesser

- Klagesaker, avklaring opp mot Statsforvaltar

- Christopher Marius Straumøy orienterte om fleire tidlegare klagesaker som har gått til Statsforvaltar. Her har Statsforvaltar sagt at det er ei endring av praksisen for klagehandsaming og høyring, ved at mindre dispensasjonssaker ikkje treng sendast på høyring eller klagehandsaming. Straumøy sa at det likevel er viktig å sjå an kva saker som ikkje går til Statsforvaltar, særleg om det føreligg protestar frå naboar, der desse sakene uansett kan hamna hjå Statsforvaltar som klagesaker.

- Havsportsenteret (oppfølging FS 25.april)

- Kommunalsjef Bjarte Rosenlund forklarte at noko arbeid er gjort, og at den vidaregåande skulen skal ta på seg noko arbeid over sommaren.
- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at dette bygget er mykje brukt no, og at det er veldig bra at kommunen kan tilby svømmeundervisning utan basseng. Oppmoda til at det vart sett av litt midlar til å rusta opp garderobesituasjonen, og sa at dette vil verta løfta i samband med revisjon av budsjettet.
- Bjarte Rosenlund svara at det hadde vore best å ta alt med ein gong, men at ein må få med seg huseigar på meir av desse kostnadene.

- Oppfølging politiske saker

- For sal av kunsthuset sa kommunalsjef Bjarte Rosenlund at det er stille, men at ein tar kontakt med aktuelle kjøparar.
- Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa om oppfølging av sjukemelde at det er særleg fokus på oppfølging av langtidssjukemelde, for å avklara om desse kjem tilbake i arbeid eller ikkje.
- Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte at det er inngått avtale med RS Bil om å levera 13 kjøretøy til kommunen, same firma skal også levera til Aufera på Manger, med tanke på avtalen som er inngått mellom kommunen og Aufera om skyss til Aufera.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 9/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 5.6.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tek orienteringane til vitende.

PS 39/2024 Delegerte vedtak 18.04.24 - 30.05.24

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tar dei delegerte vedtaka til vitande.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 39/2024 Delegerte vedtak 18.04.24 - 30.05.24:

Fagleiar Asbjørn Toft orienterte om dei delegerte sakene.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 39/2024 Delegerte vedtak 18.04.24 - 30.05.24:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tar dei delegerte vedtaka til vitande.

PS 40/2024 Detaljreguleringsplan for Keilevegen næringsområde, planid. 2015005 - Offentleg ettersyn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet legg **Detaljreguleringsplan for Keilevegen næringsområde Mongstad, planid. 2015005** ut på offentlig ettersyn. Føresegna er datert den 27.05.2024, plankartet er datert den 15.04.2024 og planomtalen den 16.04.2024. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-10.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 40/2024 Detaljreguleringsplan for Keilevegen næringsområde, planid. 2015005 - Offentleg ettersyn:

Fagleiar Asbjørn Toft orienterte om saka.

- Per Lerøy (Ap) sa at det er bra at dette vert ordna no, slik at det kan verta mogleg å realisera verdiane i Mongstad Vekst, der Austrheim kommune er inne på eigarsida.
- Morten Sognnes (H) sa at det er bra om dette kan realiserast no.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 40/2024 Detaljreguleringsplan for Keilevegen næringsområde, planid. 2015005 - Offentleg ettersyn:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet legg **Detaljreguleringsplan for Keilevegen næringsområde Mongstad, planid. 2015005** ut på offentlig ettersyn. Føresegna er datert den 27.05.2024, plankartet er

datert den 15.04.2024 og planomtalen den 16.04.2024. Grunngjevinga for vedtaket står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-10.

PS 41/2024 Dispensasjon og rammeløyve - Riving av eksisterande bygningar og oppføring av fritidsbustad og garasje - gbnr 158/10 - Lerøy

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det vert gjeve dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona i pbl § 1-8 og LNFR-føremål i pbl § 11-7 i arealdelen i kommuneplanen (KPA) for riving av eksisterande bygg og oppføring av ny fritidsbustad og garasje. Dispensasjonen er heimla i plan- og bygningslova § 19-2. Bygningane skal plasserast slik det er vist i situasjonsplan datert 07.12.2023.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for riving av eksisterande bygg og oppføring av ny fritidsbustad og garasje på eigedom gbnr 158/10. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 07.12.2023 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal prosjekterast og førast opp med tekniske kvalitetar i TEK17 som for heilårsbustad. Dette med bakgrunn i opplysningar om at fritidsbustaden på sikt skal kunne takkast i bruk som heilårsbustad.
3. Tiltaket skal nytta eksisterande tilkopling til kommunalt vassverk/kloakkanlegg.
4. Tiltaket har tilkomst til offentleg veg via privat veg.

Arbeid kan ikkje ta til før det ligg føre løyve til igangsetting. Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Alle fagområda skal vere omfatta av ansvarsrett, jf. pbl § 21-2 og SAK § 5-1.

Tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-. Før det vert gjeve ferdigattest eller mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Oppdaterte innmålingsdata for fritidsbustaden og garasjen må ligge føre.

Toleransegrense

Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet. Vi gjer merksam på at toleranse ikkje har noko med avrundings- og kommareglar å gjere, slik at høgde- og plasseringsreglar gjeve i lov eller plan, er å forstå som absolutte grenser.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld og for vedtak om dispensasjon.

Du kan klage på vedtaket

Vedtaket er eit enkeltvedtak som du kan klage på. Vil du klage, må du sende klage innan 3 veker frå du mottok vedtaket. Du sender ein skriftleg klage til kommunen, der det går fram kva vedtak du klagar på og kva endring du ønskjer. Meir informasjon om dine rettar for klage går fram av forvaltningslova §§ 28-36.

Eit søksmål eller krav om erstatning kan ikkje fremjast før du har brukt klageretten din fullt ut, jf. forvaltningslova § 27b.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 41/2024 Dispensasjon og rammeløyve - Riving av eksisterande bygningar og oppføring av fritidsbustad og garasje - gbnr 158/10 - Lerøy:

Fagleiar Asbjørn Toft orienterte om saka.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 41/2024 Dispensasjon og rammeløyve - Riving av eksisterande bygningar og oppføring av fritidsbustad og garasje - gbnr 158/10 - Lerøy:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det vert gjeve dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona i pbl § 1-8 og LNFR-føremål i pbl § 11-7 i arealdelen i kommuneplanen (KPA) for riving av eksisterende bygg og oppføring av ny fritidsbustad og garasje. Dispensasjonen er heimla i plan- og bygningslova § 19-2. Bygningane skal plasserast slik det er vist i situasjonsplan datert 07.12.2023.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for riving av eksisterande bygg og oppføring av ny fritidsbustad og garasje på eigedom gbnr 158/10. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 07.12.2023 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

2.Tiltaket skal prosjekterast og førast opp med tekniske kvalitetar i TEK17 som for heilårsbustad. Dette med bakgrunn i opplysningar om at fritidsbustaden på sikt skal kunne takast i bruk som heilårsbustad.

3.Tiltaket skal nytta eksisterande tilkopling til kommunalt vassverk/kloakkanlegg.

4.Tiltaket har tilkomst til offentleg veg via privat veg.

Arbeid kan ikkje ta til før det ligg føre løyve til igangsetting. Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:

1.Alle fagområda skal vere omfatta av ansvarsrett, jf. pbl § 21-2 og SAK § 5-1.

Tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-. Før det vert gjeve ferdigattest eller mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:

1.Oppdaterte innmålingsdata for fritidsbustaden og garasjen må ligge føre.

Toleransegrense

Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet. Vi gjer merksam på at toleranse ikkje har noko med avrundings- og kommareglar å gjere, slik at høgde- og plasseringsreglar gjeve i lov eller plan, er å forstå som absolutte grenser.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld og for vedtak om dispensasjon.

Du kan klage på vedtaket

Vedtaket er eit enkeltvedtak som du kan klage på. Vil du klage, må du sende klage innan 3 veker frå du mottek vedtaket. Du sender ein skriftleg klage til kommunen, der det går fram kva vedtak du klagar på og kva endring du ønskjer. Meir informasjon om dine rettar for klage går fram av forvaltningslova §§ 28-36.

Eit søksmål eller krav om erstatning kan ikkje fremjast før du har brukt klageretten din fullt ut, jf. forvaltningslova § 27b.

PS 42/2024 Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fonnes og friområde ved Ikornsåta, planid. 2021002 - Austrheim kommune- Tredje gongs offentlig ettersyn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fonnes og friområdet ved Ikornsåta, planid. 2021002 vert sendt ut på tredje gongs offentlig ettersyn. Planomtalen er datert den 23.05.2024, plankartet den 23.05.2024, illustrasjonsplanen er datert den 24.05.2024 og føresegna den 28.05.2024. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-10.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 42/2024 Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fonnes og friområde ved Ikornsåta, planid. 2021002 - Austrheim kommune- Tredje gongs offentlig ettersyn:

I denne saka var Morten Sognnes (H) ugild som grunneigar. Terje Håland (Ap) møtte som vara (felles varaliste for Høgre, Arbeidarpartiet og INP).

- Varaordfører Per Lerøy (Ap) rykka opp til ordfører for denne saka.
- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) hadde framlegg på Ann-Kristin Leirvåg som varaordfører i denne saka. Det slutta formannskapet seg til.

Fagleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Terje Håland (Ap) spurte om tilkomst til feltet. Asbjørn Toft svara at dei aller fleste skal bruka innkjøringa til Leirvågen, men at Statens Vegvesen kan akseptera inntil 4 nye bueiningar på eksisterande avkjøring frå fylkesveg 565 nord for avkjøringa til Leirvågen.
- Terje Håland (Ap) spurte om feltet nord i planområdet, Asbjørn Toft svara at det er med i planen mellom anna for at grunneigar då an motta overskotsmassar til å utbetra landbruksarealet, men at det ikkje er lagt inn bustader der.

Fungerande ordfører Per Lerøy refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 42/2024 Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fonnes og friområde ved Ikornsåta, planid. 2021002 - Austrheim kommune- Tredje gongs offentlig ettersyn:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fonnes og friområdet ved Ikornsåta, planid. 2021002 vert sendt ut på tredje gongs offentlig ettersyn. Planomtalen er datert den 23.05.2024, plankartet den 23.05.2024, illustrasjonsplanen er datert den 24.05.2024 og føresegna den 28.05.2024. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-10.

PS 43/2024 Bemanningsbehov ved Kriesesenter for Bergen og omegn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar kommunedirektøren si orientering om situasjonen ved Kriesesenteret for Bergen og omegn til vitande.

Kommunestyret sluttar seg til at Bergen kommune styrkar bemanninga ved Kriesesenter i Bergen og omegn med 7.6 årsverk, slik det er skildra i saka.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 43/2024 Bemanningsbehov ved Kriesesenter for Bergen og omegn:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 43/2024 Bemanningsbehov ved Kriesesenter for Bergen og omegn:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar kommunedirektøren si orientering om situasjonen ved Kriesesenteret for Bergen og omegn til vitande.

Kommunestyret sluttar seg til at Bergen kommune styrkar bemanninga ved Kriesesenter i Bergen og omegn med 7.6 årsverk, slik det er skildra i saka.

PS 44/2024 Utviding av IKTNH med Sveio kommune - tilslutning frå Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Austrheim kommune vedtek at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap vert utvida med Sveio kommune.
2. Austrheim kommune vedtek samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 44/2024 Utviding av IKTNH med Sveio kommune - tilslutning frå Austrheim kommune:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 44/2024 Utviding av IKTNH med Sveio kommune - tilslutning frå Austrheim kommune:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Austrheim kommune vedtek at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap vert utvida med Sveio kommune.
2. Austrheim kommune vedtek samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.

PS 45/2024 Bustader med livsløpsstandard - svar på spørsmål frå levekårsutvalet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune går ikkje i gang med bustadbygging i kommunal regi som svar på innbyggjarundersøkinga, men avventar og ser kva som kjem i gang av dei ulike private prosjekta.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 45/2024 Bustader med livsløpsstandard - svar på spørsmål frå levekårsutvalet:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- For tilskot frå Husbanken er det krav om heildøgns bemanning eller tilvisningsavtale, skal i møte med Husbanken for å avklara nærare dette om tilvisingsavtale.
- MVA-refusjon, her er det avklart at det berre er plassar med heildøgns omsorg som gjev rett til MVA-refusjon.
- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at ein må vera merksam på at det er mange som ventar på noko mindre å flytta til, og trådde til at kommunen tar initiativ slik at det ikkje vert fråflytting.
- Per Lerøy (Ap) ba om at saka vart sendt tilbake til Lavekårsutvalet for vidare handsaming, med tanke på dei mange som svara på undersøkinga. Er ikkje sikker på at det er så fort gjort for alle dei prosjekta som er på gang. Lavekårsutvalet må jobba vidare med dette, men ta ei grundigare vurdering får ein ev. skal investera i noko. Er også mogleg at private aktørar kan utvikla dei kommunale tomtene, ev. med tilvisingsavtale der kommunen tildeler deler av bustadene.
- Hege Ramsland sa at det må vera plass for mindre utleigeeiningar, mellom anna for lærlingar til kommunen men også til næringslivet elles. Her svara Rosenlund at små leilegheiter er veldig aktuelt også for kommunen, både for lærlingar, flyktningar og ei prosjekt med leige til eige.
- Per Lerøy (Ap) la fram nytt framlegg til vedtak: Saka vert sendt tilbake Lavekårsutvalet for nærare oppfølging. Saka går ikkje til kommunestyret no.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for Per Lerøy sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 45/2024 Bustader med livsløpsstandard - svar på spørsmål frå levekårsutvalet:

Saka vert sendt tilbake Levekårsutvalet for nærare oppfølging

PS 46/2024 Forna søknad - Vinmonopol i Austrheim

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune fornyar søknaden til Vinmonopolet om pol-utsal i Austrheim, som det er gjort greie for i saka.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 46/2024 Forna søknad - Vinmonopol i Austrheim:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Rosenlund presiserte at søknaden er for Austrheim generelt, og ikkje berre i tilknytning for Mastrevik Torg.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 46/2024 Forna søknad - Vinmonopol i Austrheim:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune fornyar søknaden til Vinmonopolet om pol-utsal i Austrheim, som det er gjort greie for i saka.

PS 47/2024 Ny utbyggingsavtale med Kystlandsbyen AS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framforhandla utbyggingsavtale mellom Austrheim kommune og Kystlandsbyen AS
vert lagt ut på offentlig høyring.

Kommunen sin kostnad med utbygging av pumpestasjon for avløp, vert finansiert ved
unytta midlar til investeringar innan VA.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 47/2024 Ny utbyggingsavtale med
Kystlandsbyen AS:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 47/2024 Ny utbyggingsavtale med
Kystlandsbyen AS:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framforhandla utbyggingsavtale mellom Austrheim kommune og Kystlandsbyen AS
vert lagt ut på offentlig høyring.

Kommunen sin kostnad med utbygging av pumpestasjon for avløp, vert finansiert ved
unytta midlar til investeringar innan VA.

PS 48/2024 Nytt helse og omsorgstun - vidare utgreiing og forprosjektfase

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1.Kommunestyret ber kommunedirektøren utgreie to alternative løysingar for realisering av nye sjukeheimplassar og omsorgsbustader med heildøgns bemanning, samt samlokalisering av tenester som ein ser mest nytte av å lokalisere i same bygg.

Alternative løysingar:

- a.Nybygg der alle tenester vert samla på eigna tomt
 - b.Rehabilitering av eksisterande bygg og nybygg ved - Nordliheimen
- 2.Kommunestyret ber kommunedirektøren gjennomføre eit forprosjekt, med mål om å utgreie dei to alternative løysingane og konkretisere;
- a.Arealbehov, utforming og detaljprosjektering
 - b.Tomt og plassering av bygg
 - c.Økonomiske konsekvensar når det gjeld investering og drift
 - d.Konsekvensar for VA og anna infrastruktur knytt til plassering av bygg
- 3.Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram rapport frå forprosjektet med moglege løysingar og kalkyle innan utgangen av juni 2025

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 48/2024 Nytt helse og omsorgstun - vidare utgreiing og forprosjektfase:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Per Lerøy (Ap) sa at han er uroleg for framdrifta i prosjektet, med tanke på befolkningsutviklinga med fleire eldre. Samstundes må ein ta den tida prosjektet treng.
- Ann-Kristin Leirvåg (Ap) spurte om det er mogleg å ha utgreiinga klar tidlegare, kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug svara at fristen på juni 2025 er det seinaste saka skal vera klar, er den klar tidlegare så kjem den til politisk handsaming tidlegare.
- Kommunalsjef Færøy sa at administrasjonen vil gjera det ein kan for å få denne utgreiinga klar så snart som mogleg.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 48/2024 Nytt helse og omsorgstun - vidare utgreiing og forprosjektfase:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Kommunestyret ber kommunedirektøren utgreie to alternative løysingar for realisering av nye sjukeheims plassar og omsorgsbustader med heildøgns bemanning, samt samlokalisering av tenester som ein ser mest nytte av å lokalisere i same bygg.

Alternative løysingar:

- a.Nybygg der alle tenester vert samla på eigna tomt
 - b.Rehabilitering av eksisterande bygg og nybygg ved - Nordliheimen
- 2.Kommunestyret ber kommunedirektøren gjennomføre eit forprosjekt, med mål om å utgreie dei to alternative løysingane og konkretisere;
 - a.Arealbehov, utforming og detaljprosjektering
 - b.Tomt og plassering av bygg
 - c.Økonomiske konsekvensar når det gjeld investering og drift
 - d.Konsekvensar for VA og anna infrastruktur knytt til plassering av bygg
 - 3.Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram rapport frå forprosjektet med moglege løysingar og kalkyle innan utgangen av juni 2025

PS 49/2024 Revidert selskapsavtale for Vestlandsrevisjon IKS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune godkjenner framlegg til revidert selskapsavtale for Vestlandsrevisjon IKS slik den føreligg i vedlegg til saka.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 49/2024 Revidert selskapsavtale for Vestlandsrevisjon IKS:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 49/2024 Revidert selskapsavtale for Vestlandsrevisjon IKS:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Austrheim kommune godkjenner framlegg til revidert selskapsavtale for Vestlandsrevisjon IKS slik den føreligg i vedlegg til saka.

PS 50/2024 Tertialrapportering med budsjettjustering juni 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tar tertialrapporten og finansrapporten for fyrste tertial til vitande.
2. Kommunestyret godkjenner Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på drift med ei auka kostnadsramme på 2,8 millionar kroner. Dei auka kostnadane blir dekkja gjennom at ein aukar budsjettet med tilsvarande beløp gjennom å auka skatteanslag.
3. Kommunestyret godkjenner Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på investering, justeringane vert finansiert ved å omdisponere midlar mellom ulike investeringsprosjekt.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 50/2024 Tertialrapportering med budsjettjustering juni 2024:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Etter litt samarbeid i formannskapet kom Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) med dette tilleggsframlegget: "Kommunen fullfører garderobane på Havsportsenteret medan ein jobbar med bygget, og tek inn finansieringa av arbeidet i samband med budsjettjusteringa etter 2. tertial"
- Det vart diskutert noko rundt asfaltering, her har kommunalsjef Bjarte Rosenlund ei liste over dei mest aktuelle strekka.
- Per Lerøy (Ap) ba om at noko lagra asfalt som ligg ved kaien på Vardetangen, vert flytta for å frigjera fleire plassar. Kommunalsjef Bjarte Rosenlund noterte seg dette.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, samt for Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sitt tilleggspunkt.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 50/2024 Tertialrapportering med budsjettjustering juni 2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tar tertialrapporten og finansrapporten for fyrste tertial til vitande.
2. Kommunestyret godkjenner Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på drift med ei auka kostnadsramme på 2,8 millionar kroner. Dei auka kostnadane blir dekkja gjennom at ein aukar budsjettet med tilsvarande beløp gjennom å auka skatteanslag.
3. Kommunestyret godkjenner Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på investering, justeringane vert finansierte ved å omdisponere midlar mellom ulike investeringsprosjekt.
4. Kommunen fullfører garderobane på Havsportsenteret medan ein jobbar med bygget, og tek inn finansieringa av arbeidet i samband med budsjettjusteringa etter 2. tertial

PS 51/2024 Årsmelding 2023 - Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner [årsmelding for 2023](#) slik den ligg føre.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 51/2024 Årsmelding 2023 - Austrheim kommune:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Per Lerøy (Ap) spurte om auke i talet på tilsette, her svara økonomisjef Odd Harald Dommersnes at det skuldast at alle flyktningar på introduksjonsprogram er tilsette i kommunen. Denne opplysningen vert lagt inn i saksframlegget til handsaminga i kommunestyret.
- Per Lerøy (Ap) sa at det må jobbast med langtidsfråvær, at det må gjerast eigne vurderingar på dei felte der det er langtidsfråvær.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 51/2024 Årsmelding 2023 - Austrheim kommune:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner [årsmelding for 2023](#) slik den ligg føre.

PS 52/2024 Årsrekneskap 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Kommunestyret godkjenner rekneskap for 2023
2. Det negative netto driftsresultat i rekneskap for 2023 blir dekket ved bruk av disposisjonsfond

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 52/2024 Årsrekneskap 2023:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om kva disposisjonsfondet er på no med det siste tilskotet på 3,7 millionar kroner. Dommersnes svara at disposisjonsfondet no er på 20 millionar, men at det er tilrådd at det skal vera 30 millionar kroner.
- Per Lerøy (Ap) spurte om avsetning til næringsfond, her svara Dommersnes at ein kan sjå om det kjem nye inntekter som kan setjast av til fond.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 52/2024 Årsrekneskap 2023:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Kommunestyret godkjenner rekneskap for 2023
2. Det negative netto driftsresultat i rekneskap for 2023 blir dekket ved bruk av disposisjonsfond

PS 53/2024 Marknadsføring av Austrheim Kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at ein vedtek prosjekt om marknadsføringsavtale, slik det er greia ut om i saka.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 53/2024 Marknadsføring av Austrheim Kommune:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug supplerte med døme frå <https://vinjenaturlegvis.no/>.
- Hege Ramsland etterlyste framdrift på tidlegare initiativ om samling og marknadsføring av lag og organisasjonar som finnest i kommunen. Viste til at Fedje kommune er meir aktive, med Visit Fedje, sosiale media med meir. Om dette sa kommunalsjef Bjarte Rosenlund at han vil ta fatt i dette med eit kulturforum for å samla lag og organisasjonar.
- Kommunalsjef Rosenlund sa at det er behov for å vurdera kostnader, og om det er andre leverandørar som kan levera dette tilbodet.
- Med 2-3 tilflyttande familiar årleg vil ein dekkja utgiftene, som er på ein halv million kroner i året.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 53/2024 Marknadsføring av Austrheim Kommune:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at ein vedtek prosjekt om marknadsføringsavtale, slik det er greia ut om i saka.

PS 54/2024 Klage på vedtak - vass og avløpsgebyr - gbnr 132/21

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klaga til følgje.

Grunngjevinga kjem fram i saksutgreininga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 34.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 54/2024 Klage på vedtak - vass og avløpsgebyr - gbnr 132/21:

Sakshandsamar Christopher Marius Straumøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 54/2024 Klage på vedtak - vass og avløpsgebyr - gbnr 132/21:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klaga til følgje.

Grunngjevinga kjem fram i saksutgreininga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 34.

PS 55/2024 Klagehandsaming på vedtak om påkoplingsavgift - gbnr 132/61

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet i Austrheim tek ikkje klaga til følgje.

Grunngjevinga kjem fram i saksutgreininga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 34.

Handsaming i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 55/2024 Klagehandsaming på vedtak om påkoplingsavgift - gbnr 132/61:

Ann-Kristin Leirvåg (Ap) ba om ei vurdering av gildskap, på grunn av slektskap med partar i saka. Jurist Christopher Marius Straumøy refererte reglane for gildskap. Etter ei vurdering avgjorde formannskapet at Leirvåg er ugild i denne saka. Det var ikkje kalla inn vara, så denne saka vart handsama med fire folkevalde.

Sakshandsamar Christopher Marius Straumøy orienterte om saka, jamfør saksutgreininga.

- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om kva klagar har betalt for vassforsyninga si, Straumøy svara at det er etterlyst men ikkje gitt. Dyrkolbotn spurte om det er mogleg å avkorta tilknytingsavgifta dersom det kjem dokumentasjon på utgifter vedkommande har hatt.
- Per Lerøy (Ap) sa at han kan følgja resonnementet til Dyrkolbotn, men når det ikkje er gitt dokumentasjon, så følgjer han kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.
- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at han ønskjer at det vert gjeve tre vekers frist for å dokumentera ev. utgifter. Her sa sakshandsamar Straumøy at det då må leggst inn kva som er krav til dokumentasjon for slik betaling.
- Det vart diskutert noko kring kva som er rekna som god nok dokumentasjon.
- Per Lerøy (Ap) viste til at kommunen alt har hatt ein del utgifter til denne vassforsyninga, med betaling til naboen som har levert vatn i denne mellomperioden. Meiner kommunen har vore konstruktive i å løysa dette så langt.
- Diskutert i formannskapet, og kom fram til dette basert på Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn sitt framlegg:
Klaga får tre vekers frist til å framlegga dokumentasjon på dei utgifter han har hatt til å få på plass vatn. Dersom denne dokumentasjonen med klar sannsynlegheitsovervekt viser at klaga har hatt slike utgifter, vil desse utgiftene gje tilsvarande reduksjon av påkoplingsavgifta. Om det ikkje er levert dokumentasjon

innan fristen, eller denne vert vurdert av administrasjonen å ikkje vera god nok, vil avgifta gå til innbetaling.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

4 av 4 røysta for for Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 05.06.2024 av sak 55/2024 Klagehandsaming på vedtak om påkoplingsavgift - gbnr 132/61:

Klagar får tre vekers frist til å framlegga doikumentasjon på dei utgifter han har hatt til å få på plass vatn. Dersom denne dokumentasjonen med klar sannsynlegheitsovervekt viser at klagar har hatt slike utgifter, vil desse utgiftene gje tilsvarande reduksjon av påkoplingsavgifta. Om det ikkje er levert dokumentasjon innan fristen, eller denne vert vurdert av administrasjonen å ikkje vera god nok, vil avgifta gå til innbetaling.

